

VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 09.10.2024

Arkivsak-ID.: 24/3572

JournalpostID: 24/22256

Saksbehandlar: Halfdan Krohn Brekke

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/24	Formannskapet	15.10.2024

Planstrategi 2024-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til planstrategi blir lagt ut på høyring i 30 dagar

Formannskapet 15.10.2024:

Behandling:

Tilleggsforslag frå Ap, lagt fram av Øyvind Valen:

Formannskapet vil innarbeida ei tilleggsplan i høyringsutkastet:

- Plan / strategi for rekruttering av kompetansen som kommunen treng. (Oppstart snarast, med avslutning i 25)

Formannskapet ønska eit gruppemøte for å drøfta tilleggsforslaget frå Ap

Etter gruppemøtet blei dette felles tilleggsforslaget lagt fram i staden for det opprinnelege forslaget frå Ap:

Formannskapet vil innarbeida denne planen i høyringsutkastet:

- Plan / strategi for å behalda, utvikla og rekruttere kompetansen som kommunen treng. (Oppstart snarast, med avslutning i 25)

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med fellesforslag til tilleggspunk vart einstemmig vedtatt av formannskapet med 9 stemmer.

FS- 068/24 Vedtak:

Forslag til planstrategi blir lagt ut på høyring i 30 dagar

Formannskapet vil innarbeida denne planen i høyringsutkastet:

- Plan / strategi for å behalda, utvikla og rekruttere kompetansen som kommunen treng. (Oppstart snarast, med avslutning i 25)

Saksutgreiing

Samandrag

Kommunedirektør har i forslag til ny planstrategi fokusert på at vi skal kunne fullføre mest mogleg av pågåande og ikkje påbegynte planar. Det har vært lite rom for nye planar. For nye planar er klimaarbeid, planvask og jordvern sentrale punkt. Vidare ser ein eit klart behov for å intensivere kommunens arbeid med beredskap, spesielt med tanke på dagens geopolitiske situasjon. Ein ser vidare at rammeområda helse og omsorg og samfunnsutvikling må jobbe enda tettare saman for å møte bustadbehovet og arealbehova, gitt den demografiske utviklinga.

Som kommune må vi vere attraktive og spele på lag og legge til rette for næringslivet. Vi ynskjer derfor å utarbeide ein handlingsplan for næring og attraktivitet for kommunen, som skal innehalde konkrete verkemiddel for å styrke samarbeid med næringslivet og fremje Vindafjord som ein attraktiv kommune å busette seg i.

Generelt har kommunen i planperioden behov for omstilling og fokus på berekraftig drift. Det er etter kommunedirektørens syn difor viktig å ha ein realistisk planstrategi.

Etter høyringa blir innspel vurdert å ta med og deretter lagt i framsikt.

Sjå under for forslag til planar med framdrift

Strategiske planar:

Strategiske planer						
Planbehov	Ansvar	Status	2024	2025	2026	2027
Kommuneplan samfunnsdel	Kommunedirektør / areal og forvalting	Revisjon	Sluttført			Oppstart
Kommuneplan - arealdel	Kommunedirektør / areal og forvalting	Revisjon	Planutkast på høyring	Sluttført		Oppstart
Kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny	Oppstart, med planprogram	Sluttført		
Handlingsplan for å redusere klimagassutslipp	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny		Oppstart	Sluttført	
Heilskapleg plan Skjold	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny		Oppstart		Sluttført
Heilskapleg plan Ølen	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny		Oppstart		Sluttført
Heilskapleg plan Sandeid	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny				Oppstart
Heilskapleg plan Vikedal	Samfunnsutvikling / areal og forvalting	Ny				Oppstart
Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune	Oppvekst	Revisjon	Oppstart	Sluttført		
Kommunedelplan for idrett, friluftstiv og kulturbygg	Kultur og læring		Oppstart	Sluttført		
Plan for samfunnsstrøggleik og beredskap i Vindafjord kommune	Kommunedirektør	Ny		Oppstart	Sluttført	
Helse- og omsorgsplan	Helse og omsorg	Revisjon	Oppstart	Sluttført		
Bustadsosial handlingsplan	Helse og omsorg	Revisjon	Sluttført			
Organisasjonsstrategi	Organisasjon	Revisjon	Sluttført			Oppstart og sluttført.

Taktiske planar:

Gjennomgang av eldre reguleringsplanar / planvask	Samfunnsutvikling/Areal og forvaltning	Ny	Pågåande	Pågåande	Pågåande	Pågåande
Handlingsplan for næring og attraktivitet	Samfunnsutvikling	Ny	Oppstart	Slutført		
Jordvernstrategi for Vindafjord	Samfunnsutvikling/Areal og forvaltning	Ny		Oppstart	Slutført	
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) - strategien	Areal og forvaltning	Revisjon				Oppstart og slutført
Kartlegging av bygningsområde i kommunen som er potensielt utsett for naturfare (innspeil frå NVE til kommuneplanen)	Areal og forvaltning	Ny			Oppstart	Slutført
Handlingsplan for å redusere klimagassutslipp	Samfunnsutvikling / Areal og forvaltning	Ny		Oppstart	Slutført	
Plan for sysselsetting Integrering	NAV	Vedtatt 2024				
Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune	Kommunedirektør	Revisjon		Oppstart og slutført		
Plan for samarbeid skule/PPT og barnehage/PPT	Oppvekst	Revisjon				
Kvalitetsplan SFO	Oppvekst	Revisjon				
Plan for smittevern	Helse og omsorg		Slutført			
Biblioteksplan	Kultur og læring	Revisjon		Oppstart		
Strategiplan for kulturskule	Kultur og læring			Oppstart		
Hovudplan for vassforsyning	Kommunalteknisk	Slutført				
Hovudplan for avløp	Kommunalteknisk	Oppstart	Slutført			
Trafikksikringsplan	Kommunalteknisk	Revisjon		Oppstart	Slutført	
Pårørandestrategi	Helse og omsorg	Ny		Oppstart		

Føremål, rammer og overordna mål

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi (plan- og bygningslova §10-1). Føremålet er å avdekka kva utfordringar kommunen har for så å avgjera kva planar som skal vidareførast, kva planar som skal reviderast og eventuelt kva nytt planarbeid som skal utførast i løpet av dei neste fire åra. Slik bli planlegginga behovsstyrt. Aktuelle planoppgåver kan vera lovpålagde og ikkje-lovpålagde, men også utgreiingsarbeid/utviklingsarbeid som kommunen ser behov for. Det er viktig å presisera at planstrategien ikkje er ein plan, og at han derfor ikkje skal innehalda nye mål og strategiar. Ein viktig del av arbeidet med planstrategien er å avgjera om kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel skal reviderast eller vidareførast i valperioden.

I tillegg til at utfordringane til kommunen er viktige vurderingsgrunnlag, skal ein også leggja til grunn utviklingstrekk og framtidsprognosar, nasjonale forventningar, Rogaland fylkeskommune sin regionale planstrategi, om det nye kommunestyret ser planbehov som følgje av endra politikk for kommunen, samt erfaringar med gjeldande kommuneplan.

Samrådsplikt, medverknad og prosess

Kommunen pliktar å henta inn synspunkt frå nabokommunar og statlege og regionale organ i arbeidet med planstrategien. Dette blir gjort ved å sende forslag til planstrategi på høyring. Ein har lagt førre planstrategi, samt ny samfunnsdel til grunn for arbeidet med ny planstrategi for kommunen. I og med at ein god del planar frå førre periode er forsinka, har fokuset i ny

planstrategi vert å fullføre mest mogleg av pågåande og ikkje påbegynte planar. Det har vært lite rom for nye planar. Det er kommunedirektørens leiargruppe som har arbeida med ny planstrategi og tatt inn innspel frå rammeområda.

Revisjon av kommuneplanen (sjå eige avsnitt under kommunen sine utfordringar)

Førre kommuneplan for perioden 2017-2029, samfunnsdelen blei vedtatt 04.04.17 og arealdelen blei vedtatt 20.06.17. Ny samfunnsdel til kommuneplane blei vedtatt 18.06.2024. Ny arealdel blir lagt på høyring i slutten av 2024.

For å sikra at meir av den strategiske planlegginga skjer gjennom kommuneplanen skal heile samfunnsdelen som utgangspunkt reviderast i kvar kommunestyreperiode. For å sikra ei berekraftig arealforvaltning og effektiv arealbruk, eit miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgivelnader og gode levekår for alle, skal arealdelen til kommuneplanen også reviderast.

Struktur for arbeid med planstrategien

Planar og utgreiingsarbeid er definert på ulike nivå der det er eit skilje mellom strategisk nivå (kommuneplan, 12 år) og taktisk nivå (økonomiplan, 4 år). Overordna mål og strategiar skal ivaretakast gjennom kommuneplanen. Ein vil fortsette å utarbeida færre planar og heller sikra tettare oppfølging i økonomiplanen. Oppfølging vil skje gjennom kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan og årsbudsjett. Evaluering av resultat og effektar skjer kontinuerleg gjennom rapporteringar, tertialrapportar og årsmelding.

Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventningar skal leggjast til grunn. Regjeringa har vald ut desse overordna perspektiva som utgangspunkt for nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:

- samordning og samarbeid i planlegginga
- trygge og inkluderande lokalsamfunn
- velferd og berekraftig verdiskaping
- klima, natur og miljø for framtida
- samfunnssikkerheit og beredskap

Regjeringa legg fokus på at vi som samfunn må møte det felles ansvar å nå bærekraftmåla, redusere utslipp av klimagass, bevaring av natur og naturmangfald. Vidare blir det svært viktig å teke omsyn til demografiske utviklinga i planlegginga for framtida. Samfunnssikkerheit og beredskap er løfta fram særskilt. Vi er no ein heilt anna geopolitisk situasjon enn førre regjeringsperiode.

I tillegg føreligg det statlege planretningslinjer etter plan- og bygningslova §6-2 som må leggjast til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi og anna kommunal planlegging.

Rogaland Fylkeskommune jobbar med ein ny regional planstrategi- Utviklingsplan for Rogaland 2025-2028. Her tek Fylkeskommunen føre seg viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar i fylket. I gjeldande utviklingsplan for Rogaland er det gjeve fem langsiktige utviklingmål og innsatsområde:

- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- konkurransedyktig region
- helsefremjande og inkluderande samfunn
- attraktive lokalsamfunn, byer og tettstader
- Føresetnadar for å nå måla


Generelle utviklingstrekk

Generelle utviklingstrekk skal komme fram i den årlege økonomiplanen til kommunen. Desse tala blir oppdaterte kvart år og vil gjelde for alt planarbeid i kommunen. Det vil derfor vere viktig å leggja fram statistikk i økonomiplanen som har betydning for samfunnsutviklinga på mange område. Planstrategien vil i hovudsak vise til statistikk som til ei kvar tid er oppdatert og berre løfte fram nokre få hovudtrekk i teksten.

Folketalsutviklinga er kanskje den mest sentrale faktoren når kommunen skal planlegge framtida. Befolkningsutviklinga blir påverka av fødselsbalansen (forholdet mellom talet fødde og dei som dør) og flytting (inn- og utflytting). Variasjonen i folketalet har vore liten dei siste åra, men tala syner ein auke det siste året. Frå 2022 til 2023 fekk Vindafjord kommune 69 nye innbyggjarar, Vindafjord kommune har i 2023 8844 innbyggjarar.

Figuren under syner folketalsutviklinga dei siste 20 åra:

01222: Befolkning og kvartalsvise endringer, etter kvartal. Vindafjord, Befolkning ved inngangen av kvartalet.



I perioden frå 01.01.2003 til 01.01.2023 har folketalet i Vindafjord kommune auka med 714 personar. Det er ein auke på 8 % i perioden. Til samanlikning har folketalet i Noreg auka med 17 % i same periode og det samla folketalet på Haugalandet (Utsira, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Suldal og Sauda) auka med snaue 14 %. Auken i folketalet i Vindafjord kommune er altså lågare enn utviklinga på landsbasis og på Haugalandet. I andre kvartal 2024 viser innbyggartalet i Vindafjord for første gong over ni tusen.

Figuren under syner framskriving folketalet fram mot 2050 samla i kommunen, basert på SSB sitt middelalternativ:

	Hovedalternativet (MMM)			
	2023	2030	2040	2050
1160 Vindafjord	8 825	8 848	8 895	8 889

Figuren under syner framskriving av befolkningstal i Vindafjord kommune sortert etter aldersgrupper basert på SSB sitt middelalternativ:

	Hovedalternativet (MMMM)			
	2023	2030	2040	2050
1160 Vindafjord				
0-9 år	978	836	891	861
10-19 år	1 140	1 076	857	905
20-29 år	1 000	925	882	761
30-39 år	1 140	1 071	988	947
40-49 år	1 117	1 177	1 111	1 035
50-59 år	1 151	1 145	1 170	1 120
60-69 år	1 091	1 134	1 126	1 152
70-79 år	743	925	1 036	1 052
80-89 år	355	461	679	805
90-99 år	107	96	154	246
100 år eller eldre	3	2	1	5

SSB si befolkningsframskriving viser at det er mest sannsynleg at det samla folketalet vil vera relativt stabil i åra som kjem. Trenden med at det vert færre unge og fleire eldre vil halda fram. Om middelalternativet til SSB for 2030 slår til, så vil kommunen i 2030 ha 350 færre innbyggjarar under 40 år enn i 2023 (ein reduksjon på 8 %) og det vil vera 319 fleire innbyggjarar over 60 år (ein auke 12 %). Endringa i samansetninga av befolkninga vil ha konsekvensar for den kommunale planlegginga og medfører eit kraftig press på Helse og Omsorg. Eit enda tettare samarbeid mellom rammeområda Helse og omsorg og Samfunnsutvikling blir viktig framover for å møte den demografiske utviklinga.

Bustadutviklinga

I blei i perioden 2017-2019 blei det utrabeida ein bustadanalyse.

Den ligg fortsatt til grunn for arbeidet med planstrategien og særleg arbeidet med revisjon av kommuneplanen

Syssetsetting


Næring	2020
Jordbruk, skogbruk og fiske	440
Sekundærnæringar	1 567
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	1 205
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	175
Undervisning	327
Helse- og sosialtjenester	755
Personlig tjenesteyting	80

Innan sekundærnæringen er industri den største delen i Vindafjord kommune målt i talet på sysselsette. Sysselsettinga i denne gruppa har gått betydeleg ned i dei siste tøffe åra og avstanden ned til andre grupper er redusert. Helse- og sosialtenester er nest største næringsgruppe og hadde ca 755 sysselsette i 2020. Sysselsettinga har i denne gruppa auka i same periode som industrien har gått ned. Primærnæringane (jordbruk, skogbruk og fiske) er tredje største næringsgruppe på 440 sysselsette.

Arbeidsløysa i Vindafjord er lavt og var per juli 2024 på 1,3 % (65 personar). Snittet for Rogaland er 1,9 % og landssnittet er 2,1 %. Dette viser ikkje heile bilete i kommunen vår. Det er 18 % av den yrkesaktive alderen som står utanfor arbeidsstyrken, også kalla utanforskap. Dette er tal for alle ytingar; dagpengar, sjukepengar, arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og økonomisk sosialstønad. Det er viktig at det opnast opp for at alle får ein moglegheit på arbeidsmarknaden, også dei med helsemessige utfordringar, hol i CV og med innvandrarbakgrunn. Skal Noreg kunne oppretthalde dei gode velferdsordningane me har i dag, er me avhengig av at utanforskapen reduserast. Her er det heilt avgjerande at arbeidsgjevarar opnar dørene, også for dei som har utfordringar. Det er viktig med eit tett og godt samarbeid mellom NAV og næringslivet. Dette er eit samfunnsoppdrag me må jobba saman om, og det er vårt felles ansvar.

Innvandring

Innvandrar er i denne statistikken definert som personar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og fire utanlandske besteforeldre.



Noreg har endra flyktningpolitikken og har frå 2009 prioritert barnefamilier. Dette har gitt eit heilt anna utfordringsbilete for heile landet der sysselsettinga har gått voldsomt ned og spesielt for kvinner. Med bakgrunn i krigen i Ukraina har Vindafjord hatt ein auke i flyktningar og det har medført større press på mellom anna vaksenopplæring og integreringstenesta. Kommunen har likevel løyst dette på ein god måte, men god integrering blir heilt sentralt i åra som kjem. Me har eit godt integreringsprogram og ei god vaksenopplæring. Likevel kjem svært få ut i jobb og enda færre i fast arbeid. Krav til utdanning er svært høgt i Noreg og fagutdanning i tillegg til gode norskkunnskapar er viktig innanfor nesten alle yrke. Her må vi spele på lag med næringslivet og kommunen må også sjølv ta ansvar

Sektorovergripande tema



Samarbeid

I førre planstrategi vedtok kommunen tre sektorovergripande tema som skal vere førande for alt me gjer:

- Klima og miljø
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse og samarbeid

Desse blei vidareført i kommuneplanens samfunnsdel 2024-2036 og stemmer i tillegg godt med nasjonale og regionale føringar. Vi ynskjer derfor å vidareføre desse.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er «klima, natur og miljø for framtida» er eit av det overordna perspektiva som skal vere førande for den kommunale planlegginga. Gjeldande Regional planstrategi for Rogaland 2020-2024 legg bærekraftsmåla til grunn for all samfunnsutvikling. Vidare er hovudutfordringa å skape miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft.

For Rogaland og Vindafjord er hovudutfordringane:

- Å redusere klimagassutslepp. For Vindafjord er det jordbruk som prosentvis står for mest utslepp. Eit forpliktande strukturert arbeid feks gjennom å bli [klimapartner](#) kan gi konkrete resultat.
- Vindafjord må møte konsekvensane av klimaendringane og ruste oss for ei framtid med meir ekstremver. Alle må vere førebudd på det uventa. Klimaendringane vil gjere at me må forvente ein stramare klimapolitikk, ei rask teknologisk utvikling og endra preferansar hos innbyggjarane. Vindafjord kommune kan som andre bli holdt ansvarleg for klimagassutslepp eller manglande klimatilpasning som fører til at andre blir skadelidande. Alt dette er [Klimarisiko](#).
- Landbrukskommunen Vindafjord må verne om matjorda vår og ta vare på det biologiske mangfaldet. Begge deler minkar stadig meir.
- Næringslivet må omstille seg til eit lavutsleppssamfunn.

Tiltak i planstrategi:

- Kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal (strategisk nivå).
- Handlingsplan for å redusere klimagassutslepp (taktisk nivå).
- Jordvernstrategi for Vindafjord (taktisk nivå).
- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar/planvask (taktisk)

I 2021 hadde Vindafjord eit utslepp på 126 666 tonn CO₂-ekvivalenter og det er langt til utsleppsmålet for 2030 og 2050. Aktivt skogbruk og store skogressursar er ein viktig ressurs for Vindafjord også med tanke på klimatiltak. Vi har oppretta eget klimabudsjett, som blir lagt fram i forbindelse med budsjett. Det er også tilsett klimarådgjevar ved areal og forvaltning

Samfunnstryggleik



Både menneskeskapte og naturskapte hendingar sett fokus på samfunnstryggleik og beredskap i alle forvaltningsområde. Klimaendringar vil gje auke i ekstremver og me må ruste oss for ei annleis framtid. Samfunnstryggleik og beredskap er eit sektorovergripande tema i kommunen.

Risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskap

I 2018 er det utarbeidd ein statleg rettleiar – «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» som er ein metode for ROS-analysar i arealplanlegginga og erstattar kommunale akseptkriterium. Revisjon av "Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune" blei vedteken våren 2020. ROS-analysen er nå meir brukarvennleg som styringsgrunnlag for hendingar med høg risiko. Den skal elles oppdaterast når risiko- og sårbarheitsbiletet endrar seg (§6).

Den overordna ROS- analysen er eit viktig grunnlagsdokument for revisjon av kommuneplanen. På bakgrunn av den overordna ROS-analysen skal det utarbeidast langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging, samt vurdere kva forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova (§3). Vindafjord kommune vedtok «Plan for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap» i 2017. Denne planen skal nå i etterkant av vedteken ROS-analyse reviderast.

Etter forskrifta §4 skal kommunen også ha ein beredskapsplan. Beredskapsplanen «Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune» blir løpande oppdatert, men vil også bli revidert etter at plan for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er ferdig revidert.

Kommunen har ansvar for å sikra tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn. Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp, er derfor ein viktig del av kommunen si verksemd. Vassførekomstar som blir nytta til vassforsyning, må vernast mot forureining med omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Risiko- og sårbarheitsanalysar er nødvendige for at kommunen skal vera kjend med korleis planvedtak vil påverka risiko og sårbarheit, og for å kunne ta stilling til akseptabel risiko. I all arealplanlegging skal det gjennomførast ROS-analysar. Slik får me sett fokus på naturfarar og verksemdsrisiko og korleis arealbruken bør planleggast for å førebygga og redusere konsekvensar av alvorlege hendingar.

Tiltak i planstrategi:

- Plan for samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune (strategisk)
- Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune (taktisk)
- Hovudplan for vassforsyning (taktisk)
- Plan for smittevern (taktisk)

Folkehelse og samarbeid



Føremålet med folkehelsearbeidet er å fremja folkehelsa og utjamna eventuelle sosiale helseforskjellar i samfunnet. Prinsippet om «helse i alt me gjer» tilseier at alle kommunen sine verksemder er ansvarlege for folkehelsearbeidet, som omfattar både helsefremjande og helseførebyggjande tiltak.

Kommunen si planlegging kan bidra til betre folkehelse. I spreiddbygde område er det ofte nær tilgang til natur og friluftsområde, med gode moglegheiter til utfalding og fysisk aktivitet i kvardagen. I meir tettbygde strøk er det viktig å redusera helseskadeleg støy og luftforureining og samstundes leggja til rette for at fleire kan gå og sykla til og frå arbeid, skule, fritidsaktivitetar m.m.. Gå- og aktivitetsvenlege lokalsamfunn fremmar fysisk og psykisk helse og livskvalitet.

Folkehelselova pålegg kommunane å leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor i planlegginga. Frivilligheita utfører ei rekke viktige samfunnsoppgåver, støttar opp om det offentlege tenestetilbodet og bidrar til gode lokalsamfunn.

Fordi folkehelsearbeidet er sektorovergripande og må omfatta heile kommunen si verksemd, skal folkehelse inngå som del av kommuneplanen i staden for å ligga som eigen temaplan. Det er formulert ulike målsettingar for tenesteområda i kommunen som viser at folkehelse er sektorovergripande. I kommunen si folkehelseoversikt er det definert 5 overordna satsingsområde for folkehelse: «Lære heile livet», «god nok heile livet», «alle med heile livet», «aktiv heile livet» og «leve heile livet». Desse fem satsingsområda for folkehelse (Folkehelseoversikta 2020 – 2024) er nå implementert som mål kommuneplanen og går fram av mål- og strategitabellen. Dette sikrar at folkehelse blir arbeidd med i heile organisasjonen.

Vi jobbar med å oppdatere folkehelseoversikta, men det er ikkje no som per no tydar på at vi ikkje kan legge gjeldande oversikt til grunn for planstrategien.

Folkehelselova §5 pålegg kommunane å ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verka inn på den. Oversikts-dokumentet skal utarbeidast kvart fjerde år og leggjast til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi.

Barn og unge

Det er fleire satsingsområde og samarbeidsformer i kommunen som skal sikre eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Dette er eit område som krev utstrakt tverrfagleg samarbeid for å lykkast og som involverer alle rammeområde. Framover blir det viktig å få til ei samordna satsing på dei ulike utfordringane knytt til barn og unge.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samarbeidsmodell som sikrar koordinert innsats i møte med barn, unge og familiar som det er knytt uro til, utan at det vert brot i oppfølging. Innføring av BTI-modellen vil auka koordineringa slik at flest mogleg i målgruppa blir følgde opp. Implementering og opplæring i BTI har vore eit 3-årig prosjekt som frå 2020 gjekk over i vanleg drift og er nå godt implementert i drifta. Som eit døme kan vi nemne «PåGlimedBTI konferansen», som er ein årleg tverrfagleg fagdag, der alle som jobbar med barn og unge deltek.

Auke i adferdproblem i både barnehage og skular er ei utfordring som må løysast tidlegast mogleg. Ytterlegare styrking i skulen ved hjelp av tverrfaglege ressurs- og utviklingsteam (T.R.U) er eit viktig satsingsområde framover. Laget rundt barn og unge (LRBU) er eit tverrfagleg ressurs team som skal sikre god oppfølging av barn og unge, på tvers av rammeområda.

Ung data undersøkingane gir eit oppdatert og heilskapleg bilete på ungdommane i vår kommune. Funn viser at lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet er viktig for å motverke ei viss auke i rusbruk blant unge.

Hovudutfordringa er derfor å styrke samarbeidet på tvers av fag og tenester og implementere samarbeidsmodellar. Betre tverrfagleg innsats må samordnast i forpliktande samarbeid og folkehelse, barn og unge og forebyggjing for rus og kriminalitet er tema som må inn i dette arbeidet.


Kommunen sine utfordringar

Oppvekst



Eit godt barnehage- og skuletilbod kan vera eit av tiltaka for å få fleire til å etablera seg i kommunen.

Barnehage



Tenesta omfattar Skjold, Sandeid, Vats og Vågen barnehage, og oppvekstsentera Bjoa-, Vikebygd- og Imsland. I tillegg er det tre private barnehagar i kommunen, Ølensjøen FUS barnehage, Vikedal FUS barnehage og Nausthaugen barnehage. Frå hausten 2023 blei Sandeid skule og barnehage og Vågen skule og barnehage slått saman til oppvekstsentre. Jamfør politisk vedtak sommaren 2022.

Dei kommunale barnehagane varierer i storleik, frå 9 barn i barnehagen i Imsland til 114 barn i Skjold barnehage. Det er også stor variasjon knytt til funksjonalitet i kvardagen, og utbetningsbehov ved einingane. Det er med unntak av Skjold barnehage redusert tal på barn i dei kommunale barnehagane, med ei endring frå 321 barn i 2015 til 269 i 2023.

Det er omlag 80 årsverk, med litt over 100 tilsette, i kommunale barnehagar, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og barnehagelærarar. Kommunen fyller pedagognorma og det har ikkje vore naudsynt å gi dispensasjon til private barnehagar.

442 barn totalt, av dei går 272 barn i kommunale barnehagar og 170 i private barnehagar. Spesialpedagogisk hjelp på 5,14% dekker alle barn i førskulealder.

Barnehagane fyller pedagognorm, både i kommunale og private barnehagar. Det er ein barnehage som har fått dispensasjon frå norm om pedagogisk bemanning.

Når det gjeld læringsresultat i barnehage nyttar ein TRAS og foreldreundersøkinga. For 2022 viser foreldreundersøkinga at ein ligg rundt snittet i landet (denne undersøkinga tek kommunen annakvart år). Det er totalt sett gode tilbakemeldingar knytt til drift og utvikling. Kvar eining jobbar


godt med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling.

Barnehagane jobbar godt i tråd med kravet i barnehagelova.

Det er utfordringar knytt til bemanning. Arbeidet med å rekruttere og behalde blir viktig også her. Utfordringane i barnehagen er også å gi eit likeverdig og godt pedagogisk tilbod i alle einingar. Overordna plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i kommunen blei revidert i 2023.

Grunnskulen

Grunnskulen



Grunnleggjande prinsipp i all opplæring er likeverd, inkludering og tilpassa opplæring. Det er eit lovkrav (§9A) at elevane i grunnskulen skal ha eit godt og trygt læringsmiljø med eit tilfredsstillande læringsutbytte.

I Vindafjord er det totalt ni skular, tre kombinerte 1.-10.kl, tre 1.-7.kl og tre oppvekstsenter (barnehage og skule). Frå hausten gjekk me over til fem oppvekstsenter, då Sandeid og Vågen slo saman barnehage og skule, dette etter politisk vedtak. Altså tre 1.-10. skular, ein 1.-7. skule og fem oppvekstsenter.

2023 var det 154 årsverk i skulen, av desse er det 122 lærarar og 32 hjelpepersonell (SFO og skule). I tillegg er det 11,80 årsverk til administrasjon og leiing (rektor og inspektør), merkantilressursen utgjer totalt 2,0 stillingar utanom.

1166 elevar totalt, skulane våre fyller lærarnorma. Vindafjordskulen har høgare lærartettleik enn snitt for fylke og land for 1.-7. trinn. På ungdomsskulane har Vindafjord i snitt fleire elevar per lærar enn det resten av fylket og landet har. Vindafjord har 17,75, Rogaland har 17,79 og landet har 17,96.

Totalt får 8,3 % av elevmassen spesialundervisning.

Når det gjeld læringsresultat er det same trend som tidlegare, med låge resultat tidleg i skuleløpet og god utvikling når ein blir eldre.

Det er svært positive tal i høve til overgang til vidaregåande skule, som sist skuleår kjem ein ut med 99 prosent.

Når det gjeld læringsmiljø så jobbar godt i tråd med kravet i opplæringslova, elevundersøkinga viser det er enkelte miljø som er utfordrande. Det er blitt jobba godt med fleire konkrete saker. Dette har gitt gode resultat.

I første termin i 2023 var det 25 aktivitetsplanar i samband med det psykososiale miljøet i skule.

Det er utfordringar knytt til bemanning i skole og kommunen må jobbe kontinuerleg med å rekruttere og behalde tilsette.

Overordna plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i kommunen blei revidert i 2023. Denne viser samanhengar i utdanningsløpet, frå barnehage til vidaregåande, og som inneheld klare mål, strategiar og tiltak for betre læringsmiljø og læringsresultat.

SFO (Skulefritidsordning)

Det har vore tilbod om SFO ved alle ni skulane våre i 2023 med sju alternative val. Sommaren 2023 var det ferie SFO i Ølen og på Skjold. Kvalitetsplan for SFO er utarbeidd for å sikra meir kvalitet i SFO framover. I 2022 vart ny overordna plan for det psykososiale miljøet for barnehage, skule og SFO utarbeidd. Dette er ein veldig viktig plan både for brukarar og tilsette. Det var 16,64 årsverk i SFO i 2023. Etter at 1. - og 2. klasse fekk gratis kjernetid i SFO har kommunen opplevd ei nokså stor auke i søknadar til SFO. Dette var for så vidt forventa. Det som kan vera ei utfordringa med dette er at, sidan det nesten er gratis, at føresette har søkt og fått plass, uavhengig av behov, som til tider gjer at dei ikkje nyttar tilbodet og som fører til overbemanning og dårleg ressursbruk.

Kulturskulen

Kulturskulen markerte i 2023 50-års jubileum. Kulturskulen har åra etter pandemien hatt noko fallande elevtal. Trenden har heldt fram i 2023 og ein må jobbe med å ha gode og treffande tilbod til elevane. Kulturskulen er lokalisert ved Sjøperlo. Strategiplan for kulturskulen er forsinka og må settast i gong, samt slutførast i perioden.

Vaksenopplæring

Det er av stor betydning at ein har eit godt norsk nivå for å få ei god integrering i det norske arbeidslivet. Kravet på norsknivå er høgt. Det er eit mål at elevane så raskt som mogleg skal vera kvalifisert til arbeid eller vidare utdanning. Behovet for formell utdanning for vaksne er aukande, særleg er det viktig med bestått grunnskule for å kunne starte på vidare utdanningsløp. Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i elevar frå juni 2022 og busettinga har halde fram i 2023 og 2024

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PP-tenesta Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring i Etne og Vindafjord kommune, med Vindafjord kommune som vertskommune. Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PP-tenesta vert lagt til grunn for systematisk utvikling av tenesta.

Mange individuelle saker med bestilling av utgreiing og sakkunnig vurdering, reduserer kapasitet til å vera «tett på» barnehage og skule i tråd med nasjonale og lokale forventningar. PPT har levert 143 sakkunnige vurderingar i 2023 til Etne og Vindafjord. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert. Det vert laga ein årleg plan for kompetanseutvikling for tilsette i PP-tenesta.

Aktuelle planar:

- Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune
- Plan for samarbeid skule/PPT og barnehage/PPT
- Kvalitetsplan SFO
- Strategiplan for kulturskule

Helse og sosialomsorg



Tenesteutvikling

Helse- og omsorgssektoren står ovanfor store utfordringar når det kjem til organisering og innhald i tilbodet. Både kommunereforma og samhandlingsreforma gir ei ansvarsfordeling der kommunen får fleire, større og meir spesialiserte oppgåver innanfor helse- og omsorgsarbeidet. Samstundes ventar me ei aldrande befolkning om nokre år framover, og det vil vera underskot på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar i Noreg. Dette er utfordrande i høve til rekruttering samt å nytte bemanning og kompetanse på rett måte. Stikkord for vidare utvikling er: Velferdsteknologi, tverrfagleg teamorganisering, kvardagsrehabilitering, frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet, rett tenestetilbod til rett person (jf. NOU 2018: 16 “Det viktigaste først”) og ikkje minst ei kontinuerleg betring av den daglege drifta.

Pleie- og omsorgstenester

Vindafjord kommune fordeler ressursane sine ved hjelp av ei «omsorgstrapp» som byggjer på LEON- prinsippet. LEON står for Laveste, Effektive Omsorgs Nivå, prinsippet som Verdas helseorganisasjon (WHO) har innført om næromsorg.

LEON er eit prinsipp om at alt førebyggjande og helsefremmande arbeid skal føregå i så nær tilknytning til heimemiljøet som mogleg. I omgrepet næromsorg ligg eit ønskje om å kunna utnytte dei moglegheitene og ressursane som ein finn i tilknytning til nærmiljø og sosiale nettverk. Dette er i tråd med Stortingsmelding 15 (2017/2018) “Leva Heila Livet” som er ein kvalitetsreform som skal

trygga eldre slik at dei kan meistra livet lenger.

I samband med samhandlingsreforma ser ein at brukarar av kommunale tenester har meir samansette og komplekse medisinske behov. I denne samanheng vurderer ein dimensjoneringa av tilsynslegeordninga ved omsorgssentra.

Rehabilitering og habilitering

Målet er at flest mogleg kan bu i eigen bustad, sjølv med store bistandsbehov, og uavhengig av funksjonsnivå. Kvardagsrehabilitering og førebyggjande heimebesøk er ein av fleire måtar å få dette til på. Dette vil krevje eit aktivt omsorgstilbod gjennom tverrfagleg kompetanse og samarbeid.

I dette arbeidet må både arealplan og aktiv planlegging legge til rette for bustadutvikling som gjere det mogleg å bu heime lengst mogleg.

Kommunalt psykisk helse- og rusmiddelarbeid

Kommunane får stadig nye, større og meir spesialiserte oppgåver innanfor arbeidet med psykisk helse og rus. Dette gjer det naudsynt å auka kompetansen på dei aktuelle fagfelt i kommunen. Vidare arbeid må sjåast opp imot rettleiaren "Saman om meistring"; her skal ein utforma arbeidet i eit brukar og meistringsperspektiv, psykisk helse og rus skal sjåast i samanheng. Her vil samarbeid mellom dei ulike tenestene vere viktig

Helse og omsorgsplanen – « Deltaking og meistring » - blei revidert i 2020. Hovudutfordringar er: Samarbeid og samhandling kring offentlege tenester, næringsliv, frivillige mfl. Deltaking og meistring gir den enkelte val og ansvar for eiga helse.

Alle tenestedområda må samarbeida om å leggja til rette for eit samfunn som står opp om fysisk aktivitet og sosialt fellesskap.

Deltaking og meistring skal og spegla kommunen si satsing på omsorgs- og velferdsteknologi. Dei som ynskjer og har behov for det, må få ta i bruk teknologiske løysingar som kan gi auka tryggleik og moglegheit til å bu i eigen heim og meistra eige liv lengst mogleg.

Gjeldande helse- og omsorgsplan skal reviderast i 2024-2025. Agenda Kaupang har hatt eit omfattande arbeid med å vurdere rammeområdet i kommunen. Sentrale utfordringar framover blir å sjå på institusjonsdrifta, samt samarbeid i kommunen om treffande tiltak i bustadutviklinga for å møte utvikling i demografi.

Helsestasjon og skulehelsetenesta - førebygging

Brakarundersøkjinga ung data 2019 og 2022 syner auka behov for førebyggjande arbeid for barn og ungdom si psykiske helse. Me ser også behov for økt fokus på det rusforebyggjande arbeidet inn mot ungdom. Det er blitt gjort eit godt arbeid knytt til «av og til» kampanjen i kommunen. Helsesjukepleiar si tilgjengelegheit i skulehelsetenesta må styrkast. Kommunen har etablert tilbod om helsestasjon for ungdom (HFU), som eit lågterskeltilbod til ungdom som ikkje går på skule eller som treng hjelp utanom skuletid.

Vindafjord helsestasjon har ein eigen smittevernavdeling som fungerer godt. Mål om å vidareutvikla og forankra smittevernavdeling og etablert vaksinekontor som eit permanent tilbod i kommunen.

Legetenesta

Kommunen skal syta for at personar som oppheld seg i kommunen har tilbod om naudsynte allmennlegetenester, og at fastlegetilbodet er dimensjonert slik at dei som ønskjer det får plass på ei fastlegeliste. Fastlegeordninga er i endring, då det er ei utfordring at stadig nye oppgåver blir tillagt fastlegen utan auke i ressursar. Det er også rekrutteringsutfordringar når det gjeld fastlegar. Vindafjord kommune har hatt ein stabil stab når det gjeld fastlegar, men har no i likskap med resten av landet utfordringar knytt til rekruttering.

Busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar

Nokre av utfordringa i forhold til integreringsarbeidet i Vindafjord kommune er knytt til lokasjon og kvalifisering. Vindafjord kommune har eit mål om spreidd busetting i kommunen. I løpet av 2023 har det blitt busett flyktningar i Ølen, Ølensvåg, Vats, Skjold, Sandeid og Vikedal. Ein del av flyktningane som vart busett i 2023 var såkalla sjølvbusettingar. Det vil sei at dei sjølv fant seg bustad, som kommunen deretter godkjenner. Nokre av flyktningane var den første tida i kommunen under ordninga alternativ mottaksplass, i påvente av opphaldsløyve og tildeling av kommune frå IMDi.

Mange av flyktningane som blir busett i Vindafjord kommune har lite formell utdanning. Dette gjer det vanskeleg å komma inn på den norske arbeidsmarknaden. Mange har behov for eit langt kvalifiseringsløp som inneheld norskopplæring, grunnskule, vidaregåande skule og læretid. Det må også sikrast kvalifiserande og arbeidsretta løp for personar som ikkje kan gjennomføre ei formell utdanning. Vi ser samstundes at flyktningar frå Ukraina har eit generelt høgare nivå på formell utdanning.

Sosialomsorg

Det har vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2022 til 2023 på rundt 3,5 mill. Den store auken skuldast i hovudsak stor busetting av flyktningar. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp.

Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpsmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalt introduksjonsstønad. Me ser og at mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka frå 2022 til 2023, dette har samanheng med den store busettinga av flyktningar.

Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har hatt ein liten reduksjon. Det har vore ein stor auke på barnefamiliar som mottar økonomisk sosialstønad, dette gjeld ikkje berre busette flyktningar, men og andre mottakarar av økonomisk sosialstønad.

For at NAV skal lukkast med sitt oppdrag i å få fleire i jobb, ser me generelt eit stort behov for tverrfagleg samarbeid både med andre kommunale einingar og næringslivet.

Barneverntenesta

Tenesta er interkommunal. Vindafjord er vertskommune for Etne. Ny barnevernlov tredde i kraft 01.01.23. Enkelte lovendringar tredde i kraft i 2022, som til dømes at retten til ettervern vart utvida frå 23 til 25 år. Endringa i den økonomisk ansvarsfordelinga mellom stat og kommune tredde i kraft 01.01.22. Kommunane er no meir eller mindre heilt ansvarlege for utgiftene sjølv. Dette får store konsekvensar i einskilde saker i høve til tenesta sin økonomi. Dette utfordrar kommunen allereie i dag i høve til fagkompetanse og kapasitet. Kommunen har etablert ein beredskapsordning som sikrar tilstrekkeleg og rett kompetanse til å gi barn og familiar i akutt krise

hjelp.

Barnevernlova er ein rettighetslov og tenesta skal ha tilpassa tiltak til alle innbyggjarar som treng det. For Vindafjord sin del inkluderer det hjelpetiltak til flyktningar. Her har kommunen ei relativ større gruppe enn omkringliggjande kommunar, justert for folketalet elles. Tenestene som gis til denne gruppa frå barneverntenesta er til dels gode, men ikkje kostnadseffektive.

Aktuelle planar:

- Helse- og omsorgsplan (strategisk)
- Bustadsosial handlingsplan (strategisk)
- Plan for sysselsetting (taktisk)
- Integrering
- Pårørandestrategi (taktisk)
- Plan for smittevern (taktisk)

Kultur og kulturminnevern

Eit rikt kultur- og idrettsliv er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen, samt at det har stor tyding for både den fysiske og psykiske folkehelsa. Å auka interessa for deltaking i fysiske og sosiale aktivitetar er ei utfordring og eit særskilt viktig mål. Å leggja til rette for sosiale møteplassar for alle aldrar er ei sentral oppgåve i åra framover. Barn og unge får gjennom kulturskulen, biblioteket og den kulturelle skulesekken eit breitt kulturtilbod. I tillegg vert frivillige lag og organisasjonar, med tilbod til denne gruppa, prioritert i støtteordningar. Kommunen er avhengig av eit breitt tilbod innan fritidsaktivitetar og eit godt samarbeid mellom kommunen, frivilligheita og næringslivet må liggje til grunn for at det skal kunne skje. KOSTRA- tal frå 2023 viser at netto driftsutgifter til kultur i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter (prosent) ligg under gjennomsnittet.

Vedlikehald og drift av eksisterande idretts- og friluftsanlegg

Kommunen har eit breitt tilbod av idretts- og friluftsanlegg spreidd ut i dei ni bygdene. Bygging av idrettsanlegg og drift av idrettslag og -foreiningar skjer i stor grad ved frivilligheit og dugnad. Drift av anlegg er organisert ulikt frå rein kommunal finansiert drift til drift der alt er finansiert gjennom private midlar og dugnad. Kommunedelplan for idrett, friluftsanlegg og kulturbygg gir ei oversikt over kommunale og private anlegg. Den tematiske delen skal reviderast kvart fjerde år, og skulle vært revidert i 2020. Denne er forsinka, men ein har starta opp med revisjon i 2024. Prioritert handlingsprogram skal reviderast kvart år.

“Eldsjeleer” er nøkkelen for å sikre gode kultur- og idrettstilbod. Gode lokalmiljø og etablering av gode møteplassar er eit satsingsområde i regionalplan for folkehelse i Rogaland, så også for vår kommune. Resultat frå Ung data 2019 syner også at ungdom i kommunen saknar meir sosiale møteplassar. Å ha eit godt lokalmiljø er eit viktig grunnlag for trivsel og velvære. Einsemd er også ei utfordring i samfunnet. Etablering av gode møteplassar og å få barn og unge til å delta på sosiale aktivitetar og tilbod kan vera med på å redusera dette talet.

For å bevare verdiane i eit godt samspel mellom kommunen, lag og organisasjonar, er

hovudprinsippet at kommunen legg til rette, medan lag og organisasjonar med sine “eldsjeler” driv aktivitetane. Å delta i frivillig arbeid gir glede til både den som gir og den som får, og er ikkje minst samfunnsnyttig. I kommunestyreperioden vil det vere viktig å få fram konkrete tiltak for å skapa vekst og utvikle potensialet i frivillig sektor og i frivilligsentralen.

Kulturmiljø og kulturminne

Kommunen har identifisert viktige verdiar av kulturminne og kulturmiljø i kulturminneplanen. Den har status som kommunedelplan og skal reviderast kvart 4. år. Det er venta at den tilgjengeleg kunnskapen skal takast aktivt i bruk. Handlingsdelen av Kulturminneplanen skal reviderast årleg i samband med økonomiplan/årsbudsjett. Utfordringa ligg i å prioritera, ta vare på og sette i verk vedtekne tiltak av kulturminne og kulturmiljø på ein god måte. Nedbygging av viktige kulturmiljø og fjerning av verneverdige kulturminne kan og vera ein risiko.

Aktuelle planar:

- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg (strategisk)
- Biblioteksplan (taktisk)
- Strategiplan for kulturskule (taktisk)

Areal og tettstadsutvikling



Kommunen skal etter plan- og bygningslova §1-1 gjennom planlegging fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, og i samsvar med nasjonale forventningar planleggja for å sikra effektiv arealbruk, eit miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgivelnader og gode levekår for alle. «Regional plan for areal og transport på Haugalandet» gir også føringar.

Status

Vindafjord kommune er ein langstrakt kommune med til saman 765 km² sjø og landareal. Kommunen er delt opp i 9 bygder der totalt 62% bur i spreidt bygde strøk. Busettinga er i hovudsak langs kystlinja og i større dalføre. Som i andre kommunar rundt oss, har bygder og område i tilknytning til hovudvegnettet ei betre befolkningsutvikling enn andre deler. Kommunen har ein svært høg andel einebustadar.

I Regionalplan for areal- og transport på Haugalandet er Ølen definert som regiondelsenter og Ølensvåg som områdesenter. Dei andre bygdene er definert som bygdesenter.

I perioden frå 01.01.2003 til 01.01.2023 har folketalet i Vindafjord kommune auka med 714 personar. Det er ein auke på 8 % i perioden. Til samanlikning har folketalet i Noreg auka med 17 % i same periode og det samla folketalet på Haugalandet (Utsira, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Suldal og Sauda) auka med snau 14 %. Auken i folketalet i Vindafjord

kommune er altså lågare enn utviklinga på landsbasis og på Haugalandet. I andre kvartal 2024 viser innbyggartalet i Vindafjord for første gong over ni tusen.

Størstedelen av kommunen sine areal er i gjeldande kommuneplan sett av til landbruks-, natur- og friluftsmål. Å ta vare på dyrka og dyrkbar jord er viktig for kommunen, både med tanke på næringa si rolle i kommunen i dag, men også i eit større og langsiktig perspektiv. Balansert bruk og vern av sjøareala er også viktig med tanke på berekraft for framtida.

Tettstadsutvikling handlar om å utvikla gode bygder og tettstadar i kommunen. For å oppretthalda busettinga i kommunen er det nødvendig med eit differensiert utbyggingsmønster. Ein må tilstrebe å ta omsyn til overordna føringar samstundes med lokalpolitiske mål om å ha levande bygder.


Som eit grunnlag for kommuneplanarbeidet har kommunen utarbeidd ein bustadanalyse. Det er også utarbeidd ein sentrumsanalyse for Skjold. I Ølen har ein gjennomført eit tettstadprosjekt og i Ølensvåg ein områdeplan.

For tettstadane Skjold, Ølen, Sandeid og Vikedal har me til dels gamle reguleringsplanar.

Aktuelle planar:

- Kommuneplanens arealdel (strategisk)
- Heilskapleg plan for Skjold (strategisk)
- Heilskapleg plan for Ølen (strategisk)
- Heilskapleg plan for Sandeid (strategisk)
- Heilskapleg plan for Vikedal (strategisk)
- Jordvernstrategi for Vindafjord (strategisk)

Næring, samferdsel og transport



Næringsliv

Den største næringsgruppa i Vindafjord kommune er industriverksemd, etterfølgt av helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske. Eit hovudtrekk i næringsutviklinga har i mange år vore at primær og sekundærnæringane blir meir effektive og har dermed nedgang i sysselsettinga. Samstundes veks offentleg og privat tenesteyting, men denne veksten har ein tendens til å konsentrere seg til byane.

Industrien er konjunkturavhengig. Omstilling og endringar er nødvendig for å klara å "henga med". Vindafjord er kjent for eit sterkt næringsliv. Verksemdar i kommunen har vist styrke i marknadene og evne til omstilling når det har vore behov. Landbruksnæringa har i alle år vore ein berebjelke for utviklinga i bygdene i kommunen. Strukturendringar og rasjonalisering i landbruket gjer at sysselsettinga går ned innan denne næringa.

Andelen tradisjonelle mannsyrke er høg som følge av andelen primær- og sekundærnæring i kommunen. Kommunen har eit overskot av arbeidsplassar og såleis ei netto innpendling til kommunen.

Landbruket har ei særskild viktige rolle som verdiskapar i kommunen. Mjølkesektoren er avgjerande i Vindafjordlandbruket. Det er likevel eit stort investeringsbehov for oppgradering i denne sektoren.

I gjeldande kommuneplan er det sett av omlag 2000 daa næringsareal. Kommunen har regulert ferdig Ølen næringspark som ligg strategisk plassert i nærleiken av kommunesenteret og E134.

Kommunen har eit godt samarbeid med fleire viktige aktørar i næringslivet, som til dømes Medvind Næringshage, Fikse Næringsutvikling, og landbruksorganisasjonane.

Aktuelle planar:

- Kommuneplanens arealdel (strategisk)
- Heilskaplege planar for Skjold, Ølen, Sandeid og Vikedal (strategisk)
- Handlingsplan for næring og attraktivitet (taktisk)

Status vegar

Den viktigaste trafikkåra i kommunen er E134, som går tvers gjennom heile kommunen. Av denne stamvegen mellom aust og vest, går 34 km gjennom Vindafjord. Delen tunge kjøretøy ligg på om lag 13-15%. E134 går gjennom mange av tettstadane i kommune, og det er ønskeleg å flytta denne trafikken vekk frå busetnaden. Bandleggingssona knytt til kommunedelplan for ny E134 mellom Solheim i Skjold og Bakka i Etne kommune blei på nytt vedteken i 2019, men er no tatt ut. Det er svært ynskja at ny veg blir bygd for ei langt tryggare og meir effektiv transportåre og for å gi våre tettstader langs E134 utviklingsmogleikheiter.

Fylkesveg 46 som går mellom Knapphus og Sauda, er ein viktig veg som bind Sauda og Suldal til Haugalandet. Sandsbrua har gitt Suldal ferjefri tilknytning til Haugalandet. Dette har gitt ein auke i trafikken, også andelen tunge kjøretøy har auka.

Det er fleire fylkesvegar i kommunen som ikkje har ein tilfredsstillande standard, då dei er smale, svingete og som regel utan gang- og sykkelveg. Vindafjord kommune ønskjer trygge skulevegar, og har derfor behov for å prioritera dei dårlegaste vegane i komande revisjon av «Handlingsprogram for fylkesvegar i Rogaland».

De kommunale vegnettet blir stadig meir omfattande ettersom kommunen overtek driftsansvar for nyleg bygde vegar i t.d. byggefelt. Avgrensa drifts- og vedlikehaldsmidlar har resultert i eit etterslep i vedlikehald av kommunale vegar i kommunen.

Status gang- og sykkelveggar

Trafikktryggleik, betre klima og god folkehelse er målsetjingar som går igjen på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. «Nullvisjonen», som er lagt til grunn i dei ulike utgåvene av Nasjonal transportplan sidan 2002, er eit mål om å ha eit transportsystem som ikkje fører til varig skade eller tap av liv. Trafikksikringsplanen er under revisjon og eit av måla er å bli godkjent som trafikksikker kommune.

Etablering av gang- og sykkelveggar er viktige verkemiddel for å oppnå dei nemnde målsettingane. Nasjonale forventningar og «Regional plan for areal og transport på Haugalandet» legg opp til at kommunane skal leggja til rette for auka bruk av sykkel og gange. Kommunen har arbeida systematisk med trafikksikring i samsvar med Trafikksikringsplanen. Det er fleire g-/s-vegprosjekt under arbeid. G-/s-veg mellom Ølensvåg og Ølen blei i 2020, likeeins mellom Håkull og Trovåg. Ferdig regulerte g-/s-vegprosjekt skal realiserast i nær framtid.

Tryggare vegar vil også gi kommunen lågare utgifter til skyss på farleg skuleveg.

Hamner

Det er eit stort behov for ein betre hamneforvaltning enn i dag. Det er sett på fleire moglege løysingar og kommunen arbeidar med løysing i samarbeid med fleire. Det er tenleg å avklara dette før utarbeiding av plan.

Kommunikasjonar

Ølen er eit knutepunkt for bussruter til Sauda, Haugesund, Odda og Oslo, men avgangane er avgrensa. Det går dagleg hurtigbåt til Sunnhordland og Bergen frå Ølen og Bjoa. Mot sør er kommunen knytt til Stavanger og Ryfylke med hurtigbåt til og frå Sandeid fredag og søndag.

Kollektivtilbodet er avgrensa, men best langs E134 og Fv46. Det er svært dårleg tilbod mellom bygdene i kommunen, det råkar særskilt bygdene Bjoa og vikebygd som ikkje ligg langs dei to nemnde hovudferdselsårene. Det fører til mykje personbiltrafikk.

Digital kommunikasjon

Vindafjord kommune har ikkje full breibandsdekning. Kommunen har prioritert 5 område for utbygging av breiband som det er skrive intensjonsavtale om gjennomføring. Kommunen må sette langsiktige mål og planlegge for full breidbandsdekning. Det er også inngått ein intensjonsavtale med Telenor for å oppnå tilfredsstillande 4-G dekning i heile kommunen.

Aktuelle planar:

- Kommuneplanens arealdel (stragisk)
- Trafikksikringsplan (taktisk)

Vatn, avløp og renovasjon



Av dei åtte godkjenningspliktige vassverka i Vindafjord kommune har seks av dei høge lekkasjeprosentar. Det gir unøddig høg kostnad for reinsing av råvatn, og kan gi dårleg leidningskapasitet og trykktilhøve. Det er også ei utfordring at Skjold vassverk etter prognosar ikkje vil ha nok råvasskapasitet sett fram mot 2040. Per i dag er det ikkje mogleg å overføra frå eitt forsyningsområde til eit anna, grunna terrengform og avstandar. «Hovudplan for vassforsyning», sist revidert i 2016, er det sentrale dokumentet i arbeidet med å sikra tilgang på nok vatn av god kvalitet. Planen er revidert i 2024 og imøtegår krav om reservevatn.

Handtering av overvatn og avløpsvatn

Det er manglande oversikt over dimensjonane på røyra som tek unna overvatn. Fleire abonnentar, meir intensivt regn og større areal med faste flater kan føra til store mengder overvatn. Det bør utarbeidast ein plan for overvatn i løpet av denne valperioden.

I dag har ca 30% av innbyggjarane i kommunen lokale, separate løysingar for avløpsanlegget sitt. For å sikra gode løysingar er det ønskjeleg å samla dei til større einingar. Samstundes har dei eldre kommunale reinseanlegga utfordringar på kvaliteten på vatnet, og fleire av dei må oppgraderast. Det sentrale planarbeidet for dette er «Hovudplan for avløp», og skal reviderast i løpet av 2025.

Ufullstendig digitalt leidningskartverk

Leidningskartet for vatn og avløp i kommunen er ikkje komplett, og det er behov for å digitalisera alle eksisterande VA-leidningar. Med eit oppdatert leidningskart kan ein utarbeida datanettmodellar som lettar planlegging av ny infrastruktur samt simulera ulike hendingar og følgjene av dei.

Vassdirektivet

Vassdirektivet til EU har som mål at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk og kjemisk tilstand». Hordaland og Rogaland fylke har utarbeida eigne regionale planar for vassforvaltning for å sikra dette. Oppfølging vil skje gjennom pågåande prosjekt rundt Vatsvassdraget og i handlingsdelen til hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp.

Aktuelle planar:

- Hovudplan for vassforsyning (taktisk)
- Hovudplan for avløp (taktisk)

Kommunen som organisasjon



Administrativ drift

Organisasjonen

Kommunen leverer tenester "frå vogge til grav" til innbyggjarane i Vindafjord. Kommunen er organisert i sektorar, med kvar sin kommunalsjef for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling. Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og organisasjon. Vindafjord kommune har i underkant av 900 medarbeidarar fordelt på omlag 640 årsverk. Kommuneorganisasjonen har 23 resultateiningar og 3 stabseiningar, dei fleste av desse innafor oppvekst. Ni av dei er skular. Fem av skulane er oppvekstsentre, med barnehagar integrert. I tillegg er det to "reine" barnehagar. Det er fire stabsavdelingar: Økonomi, personal og organisasjon (inkl. løn), service og kommunikasjon og IKT. IKT er eit av fleire interkommunale samarbeid, og i dette tilfellet er vertskommunen Etne.

Organisasjonen Vindafjord kommune er fleksibel, og det vert stadig vurdert betre måtar å organisera kommuneorganisasjonen på, til beste for tenestene. I 2023 vart det gjort endringar innafor oppvekstsektoren si organisering. Sandeid barnehage og Sandeid skule, samt Vågen barnehage og Vågen skule vart frå 1. august Sandeid oppvekstsenter og Vågen oppvekstsenter. Tillegg er merkantilressursen til oppvekst sam-lokalisert på Rådhuset.

Vindafjord er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid, f.eks. barnevern og PPT. Tenestekontoret er stabsavdeling innafor helse og omsorg, ein sektor med seks resultateiningar. Her vart det gjort organisasjonsendringar i 2021, i form av å vidareføra tidlegare omorganisering av omsorgssentra. Der ein tidlegare hadde integrerte tenester i Ølen og Vats, gjekk ein over til delt heimeteneste/institusjon. I 2021 vart institusjonstenesta slått saman til eitt område med felles leiar, medan heimetenesta vart skilt ut som eiga eining.

Området for samfunnsutvikling består av kommunalteknisk, areal og forvaltning, reinhald samt kulturdelen av eininga Kultur og læring.

For å vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til det beste for innbyggjarane, er det viktig med tilsette som er villige til kontinuerleg forbetring, som samarbeider på tvers av interne skiljelinjer, og som er ein del av ein godt styrt og økonomisk solid organisasjon.

Endring i kommuneøkonomien

Kommuneøkonomien byggjer hovudsakleg på følgjande:

- Statleg Rammetilskot (frie inntekter og øyremerkte tilskot)
- Skatteinntekter – frå inntektsskatt og formueskatt
- Brukarbetalingar
- Eigedomsskatt

Det statlege rammetilskotet byggjer på ei rekkje ulike faktorar som er fastsett gjennom inntektssystemet, faktorar som byggjer både på demografi og geografi. Vidare ligg det inne øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Dei siste åra har og ABE-reforma gjort seg gjeldande, ved at det frå statleg hald er lagt inn redusjon i rammetilskotet, mot ei generell forventning om redusert byråkratisering og effektivisering av offentleg sektor. Dei siste revisjonar av inntektssystemet i kommunane har gjeve negativ effekt for kommunar med tilsvarande demografi og geografi som Vindafjord. Vidare har befolkningsnedgangen gjort at rammetilskotet har vorte redusert dei siste åra. Denne nedgangen er dei siste åra dels kompensert gjennom ein auka skatteinngang, der Vindafjord Kommune har gått frå å ligga under landsgjennomsnittet, til å ligga over landsgjennomsnittet. Vidare har ein hatt ekstraordinære inntekter gjennom mellom anna auka utbytte frå Haugaland Kraft og utbetalingar frå Havbruksfondet.

Samla sett er signala at den kommunale økonomien vil bli trongare framover. Samstundes ser ein at tenestebehovet i kommunane er aukande, særskilt får ein ei aldrande befolkning. Framover må ein difor gjere naudsynte grep for å tilpassa inntektene og kostnadane slik at drifta av kommunen er økonomisk berekraftig og i framtida, og det kommunale planarbeidet må spegle dette.

Kommunen tok i mot totalt 91 flyktningar i 2023 og fekk om lag 35,5 millionar i integreringstilskot. Dette er om lag 5,5 millionar meir enn justert budsjettert. Kommunen får fullt tilskot for år 1 uansett på kva tid av året ein flyktning blir busett, og mykje av kostnadane til busettinga vil kome i åra som ligg føre oss.

Vindafjord kommune vedtok hausten 2020 tre økonomiske handlingsreglar som det skal styrast etter og rapporterast på. Dei finansielle måltala er lokale økonomiske handlingsreglar som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling. Ved utgangen av 2023 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala.

Finansielle måltal	Måltal	2021	2022	2023
Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.	1,75 %	5,02 %	6,31 %	4,87 %
Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter	80 %	54,47 %	56,50 %	54,45 %
Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter	7,5 %	17,42 %	21,94 %	24,37 %

Vedlikehald av kommunale bygg og energieffektive bygg

Kommunen har eit stort etterslep i vedlikehald av kommunale bygg. Oppføring av nye bygg aukar bygningsmassen, og den eksisterande bygningsmassen blir eldre og forfell. Dette går utover kvaliteten på bygningane og kan få følgjer for folkehelsa, læringsmiljøet og trivselen til brukarane av bygningane. Det vert ført kontinuerleg oversikt over vedlikehaldsbehov gjennom bruk av kommunen sitt system for forvaltning, drift og vedlikehald for kommunale bygg.

Det jobbast med ein handlingsplan for å kvitte seg med dei bygningane kommunen ikkje treng og å styrke vedlikehaldet av det vi beheld, blir sentralt for å få ein berekraftig og føremålstenleg byggdrift.

Sjukefråvær og kommunen som arbeidsplass

Vindafjord kommune har eit mål om at sjukefråveret skal vera under 6%. Totalt sjukefråvær for heile kommunen i 2023 var på 7,2 %. Fråveret varierer frå kvartal til kvartal og frå år til år. Sjukefråveret vert rapportert kvart kvartal og det vert følgt opp i einingane, i kontaktmøta, i AMU og i ADMU samt i eventuelle prosjekt.

Kompetanse og leiing

Motiverte tilsette med rett kompetanse er heilt naudsynt for kommunen som organisasjon og tenestetilbydar. Kommunen har studentløn, permisjonsordningar og lønstillegg for kompetanse som verkemiddel. For leiarane er det etablert system for leiaropplæring og -utvikling i leiarforum. Kommunen skal i 2024-2025 inn i eit leiarutviklingsprogram. Digitalisering og digitaliseringskompetanse er eit anna aktuelt område. Det vil sannsynlegvis bli større behov for denne type kompetanse framover, og mykje av organisasjonsutviklinga ein vil sjå framover vil botna i digitalisering. Digitalisering er i mange tilfelle rein organisasjonsendring, og det er gjerne endringa av organisasjon og arbeidsprosessar som er den største jobben. Ein er litt i startgropa kva gjeld form på digitaliseringsarbeidet i kommunen. FFDU (Forum for digital utvikling) jobbar for digitalisering i kommunen, og det er ei satsing i perioden. Dette har også samanheng med arbeidet for informasjonstryggleik. Innføringa av GDPR som omhandla denne tryggleiken, har ført til ei rekke krav på området. Dess meir ein digitaliserer, dess meir vil krava til informasjonstryggleik auka. Det er eit mål å få eit godt samarbeid med Etne kommune på dette området.

Kommunen skal yta gode tenester til innbyggjarane. For å klara dette treng ein leiarar og medarbeidarar med høg kompetanse og gode haldningar. Desse har me behov for å rekruttera, utvikla og behalda. Eit godt arbeidsmiljø vil vera fruktbart for å oppnå dette målet. God leiing, og godt medarbeidarskap, skal også føra til at me klarer å endra oss når det er naudsynt. Evne og vilje til stadig forbetring! Ein bevisst arbeidsgjevarstrategi legg høva til rette for at me skal lukkast med dette. Kommunestyret er øvste arbeidsgjevar. Rådmannen har det administrative ansvaret. Han delegerer vidare til leiarane i kommunen, som skal leia i tråd med våre retningslinjer og kriterier for god leiing.

Vindafjord kommune sin arbeidsgjevarstrategi tek blant anna for seg kompetanseplan, lønspolitisk plan, leiingskriterier, samhandling med tillitsvalde og etikk. Dette er eigne planar og retningslinjer, som altså også vert samla i ein overordna arbeidsgjevarstrategi. Det er eit mål å ikkje ha mange mindre planar som må følgjast opp kvar for seg, men heller samla essensen av desse i den overordna arbeidsgjevarstrategien. Likestilling, inkludering og mangfald er også omtalt i strategien. Arbeidsgjevarstrategien blei revidert i 2024,

Rekruttering, marknadsføring og omdømme

Vindafjord kommune har utfordringar med å rekruttera innanfor ein del fagområde. Helse- og omsorgssektoren er venta å få stor auke i årsverksbehov i åra framover, på grunn av utviklinga som vil skje på alderssamansetjinga i åra som kjem. Også andre område i kommunesektoren vil oppleve utfordringar med tilstrekkeleg rekruttering. Marknadsføring av dei gode arbeidsvilkåra i kommunen og at kommunen er ein trygg arbeidsplass med spanande og varierte oppgåver er måte å bygga omdømme på.

Revidert organisasjonsstrategi blei vedteken av kommunestyret 24.09.2024. Den blir revidert i 2027.

Aktuelle planar:

- Organisasjonsstrategi strategisk)

Revisjon av kommuneplanen



Førre kommuneplan med samfunnsdel og arealdel blei vedtatt i 2017. Ny samfunnsdel til kommuneplan blei vedtatt 18.06.2024. Ny arealdel blir lagt på høyring i slutten av 2024.

Arbeidet med kommuneplanen skal vera kontinuerleg. I denne planstrategien (2024-2027) skal det takast stilling til neste revisjon av kommuneplanen. Behovet for revisjon må ta utgangspunkt i erfaringar med gjeldande plan og planprosess. Kommunen har som mål å komme i gong med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel i slutten av planperioden.

Samfunnsdelen

Då samfunnet er i stadig endring og ytre faktorar påverkar kommunen på kort og lang sikt, er det viktig at samfunnsdelen er «levande» og i takt med utviklinga. Tidlegare erfaring har vist at den strategiske planlegginga er viktig og det er eit mål at dei ulike verksemdsområda i større grad skal arbeide etter måla i kommuneplanen framfor i temaplanar/sektorplanar. Det går også tydeleg fram av kapitla framanfor.

Arealdelen

Førre revisjon av arealdelen var i hovudsak avgrensa til arealformåla bustad, næring og sentrum. Å ha ein oppdatert plan for areal til desse formåla er viktig for utviklinga i kommunen og vil vere tema som i utgangspunktet skal vurderast ved kvar revisjon. Ei av utfordringane ved førre revisjon var å finne areal til bustad- og tettstadutvikling i møte med vern av landbruksareal. Fylkesmannen har stilt krav om at langsiktig grense landbruk må trekkast opp rundt tettstaden Ølen ved revisjon

av kommuneplanen. Det vil også vere behov for å trekke opp langsiktig grense landbruk rundt tettstadane Sandeid og Skjold.

Tettstadsutvikling handlar om å utvikle gode bygder og tettstadar i kommunen. For å oppretthalde busettinga i kommunen er det nødvendig med eit differensiert utbyggingsmønster. Ein må tilstrebe å ta omsyn til overordna føringar samstundes med lokalpolitiske mål om å ha levande bygder.

Som eit grunnlag for kommuneplanarbeidet har kommunen utarbeida ein bustadanalyse. Det er også utarbeida ein sentrumsanalyse for Skjold. I Ølen har kommunen utført eit tettstadprosjekt. Områdeplan for Ølensvåg er nyleg slutført. Denne arealplanen er eit godt verktøy for utvikling av Ølensvåg som områdesenter. For tettstadane Skjold, Ølen, Sandeid og Vikedal har me til dels gamle reguleringsplanar som ikkje gir oss eit godt nok styringsverktøy i lokalsamfunnsutviklinga. Det vil vere behov for å utarbeide reguleringsplanar også for desse tettstadane.

Bruk og vern av sjøområde og strandsone må sjåast i samanheng. Det er ein aktiv bruk av sjøområda i kommunen i samband med fiske, akvakultur, industriell aktivitet, ferdsel og friluftsliv/rekreasjon.

Det er vedtatt regionale planar som har fokus på havbruk i begge fjordbassenga (Regionalplan sjøareal havbruk, Rogaland fylkeskommune, 2017 og ein Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017). Desse planane gir føringar for forvaltninga av sjøområda som kommunen må ha med seg ved revisjon av kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet er i sitt høyringssvar til planstrategien opptatt av at sjøbunnen i minst mogleg grad blir påverka og beslaglagd. Dei anbefalar at kommunen vurderer ein overordna plan for tiltak i sjø.

Kommunen har gått inn i eit interkommunalt prosjekt (i regi av Rogaland fylkeskommune) med sikte på å utvikle felles kunnskapsgrunnlag og digitale planverktøy for bruk i planlegging av sjøareala.

«Det nye systemet for kapasitetsjusteringar i lakse- og ørretoppdrett, det såkalte trafikklyssystemet, trådte i kraft 15. oktober 2017. Systemet innebærer at havbruksnæringens miljøpåverkningsgrad er avgjørende for om næringen skal tilbys økning i produksjonskapasiteten eller ikke.» Sunnhordland er gult område, der kapasiteten er frossen. Ryfylke er grønt område. Kapasiteten i Ryfylke-bassenget kan altså aukast dei to neste åra. Dette tilseier også at kommunen bør leggja større vekt på planlegging av sjøareala med omsyn til oppdrettsnæringa, både av areal for oppdrett og areal der oppdrett ikkje skal tillatast.

Vindafjord har ei lang kystlinje. Likevel kan forvaltning av strandsona vere utfordrande. Gjennom god planlegging må det leggjast til rette for næringsutvikling på rett stad. Strandsona og sjøareala har også sin verdi som landskap og leveområde for biologisk mangfald. Desse verdiane og allmenta sin bruk skal også sikrast. Samstundes er naust og båtplassar viktige gode for innbyggjarane i kommunen. Erfaringar og utfordringar tilseier at strandsone og sjøareal må inngå i neste revisjon av kommuneplanen.

Direktoratet for mineraforvaltning (DMF) anbefalar i sitt høyringssvar til kommuneplanen at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved neste revidering av kommuneplanen, og eventuelt at det blir laga ein temaplan eller kommunedelplan for mineralressursar.

Oppdaterte, funksjonelle og juridisk korrekte føresegner til arealdelen er viktige for ei god og føreseieleg forvaltning. Ein heilskapleg gjennomgang og revisjon må derfor gjennomførast.

Erfaring frå førre kommuneplanrevisjon har vist at det er nødvendig å vurdere om eldre reguleringsplanar framleis skal gjelde. I visse tilfelle vil gamle planar vere til hinder for utviklinga.

Dersom ein skal oppheva gamle planar, må ein følge ordinær planprosess. Det vil kreve av betydelege kommunale planressurser.

Aktuelle planar:

- Kommuneplanens samfunns- og arealdel (strategisk)
- Heilskaplege planar for Skjold, Ølen, Sandeid og Vikedal (strategisk)

Kommunedirektøren sin konklusjon

Forslag til planstrategi blir lagt ut på høyring i 30 dagar

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.